



Ørsta kommune

Molde, 3. desember 2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Gapahuk og «basecamp» ved Helgåna i Norangsfjorden

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om at vi menneske ikkje gjer unødige inngrep i naturen som går ut over dyr, planter og landskap. Vi er også merksame på å verne om ålmenta sine rettar til å bevege seg og opphalde seg gratis i vår unike natur.

Vi er no gjort merksame på at det etablert ein «basecamp» på Helgeneset i Norangsfjorden (sjå <https://basecamp-helgana.business.site/>). Det er slik vi forstår det bygd eit skjul/gapahuk og gjerda inn eit område ned mot sjøen. Vi forstår at dette er ei betalingsteneste, men greier ikkje å lese kva det kostar og kva som kostar.

Med heimel i Miljøinformasjonslova ber vi om tilbakemelding på korleis denne «basecampen» er handsama i Ørsta kommune i høve til friluftslova, naturmangfoldlova, plan- og bygningslov og anna passande lovverk.

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal